

## Saksprotokoll

---

**Organ:** **Kommunestyret**  
**Møtedato:** **24.06.2021**

---

**Arkivsaksnr.:** 20/5054-43

**Saksnr.:** 67/21

### **Saksprotokoll - Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030**

#### **Handsaming:**

**Kommundirektøren rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:**

**Plan- og forvaltingsutvalet rår formannskapet til å gjøre slikt vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjøre slikt vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

Endringar i Utviklingslokometivet Sogn, side 14:

- Endring i punkt 3 b: «Prioritere rasskring og gul midtstripe på riksvegar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman»
- Endring i punkt 3 c: «Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom kysten og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet»
- Nytt punkt som endring til tilrådinga frå Plan og forvaltning: «Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen»

Ny setning under fruktbare tettstader:

- «Kultur og frivillighet i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnsdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her.»

På side 10, tillegg etter tekst i punkt J:

- «Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta»
2. Kommundirektøren får fullmakt til å justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.

**Habilitet:**

**Endringsframlegg:**

Endringsframlegg frå Venstre:

Satsingsområde Best på oppvekst

Resultatmål 3 – Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling

1. Framlegg om nytt punkt: Jmf. innspel frå Sogndal kulturråd  
Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtilbodet i kommunen aktivt i bruk.
2. Nytt punkt, jmf innspel Sogndal ungdomsråd:  
Legge til rette for kunst-, kultur- og kreative tilbod for born og ungdom

Satsingsområde Fruktbare tettstader

Resultatmål 2, Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemndene

3. Framlegg til nytt punkt, med utgangspunkt i innspel frå kulturrådet:  
Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle

Resultatmål 4, Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk:

4. Framlegg til nytt punkt:  
Etablere ordningar og samarbeid som hindrar forsøpling og ureining på offentleg og privat grunn

Satsingsområde Utviklingslokomotiv for Sogn

Resultatmål 2, Saman med Sogn, ha ein tydeleg posisjon mot regionale og nasjonale myndigheter

5. Framlegg til nytt punkt:  
Fremje Sognefjorden som attraksjon og unikt område i verdklasse, og jobbe aktivt for gode vilkår for natur- og artsmangfaldet i og langs fjorden.

Frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet

Satsingsområde Fruktbare tettstader

Resultatmål 1, Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel

6. Legge til rette for sosial bustadbygging, varierte bustadformer, og for bustad- og tettstadutvikling basert på lokale føresetnader. Vi skal ta i bruk heile verkemiddelapparatet.

**Frå Arbeidarpartiet:**

Samfunnsplan;  
Nytt punkt 7 under «Best på oppvekst», eventuelt som tilleggspunkt i punkt 1 eller 3.

Tryggheit, mangfald og openheit

7. Me skal auka kompetansen vår og gje tilsette verktøy og kompetanse til å identifisera og motverka ekstremisme og rasisme.
8. Skular, barnehagar og helsestasjon skal medverka til å normalisera ulike identitetar knytt til kjønn og seksualitet. Dei tilsette som jobbar med ungdom skal kunne tilby LHBT+ -ungdom relevant informasjon dersom dei møter på utfordringar knytt til sin identitet.

**Frå Framstegspartiet:**

9. Ta ut punkt 10., under «Utfartsområde.»

Under punkt «Biltrafikk – nr. 11.»

10. Me skal jobba vidare med tunell bak Sogndal og nytta massane til gang og sykkelved til Kvam/Ølnes.

**Avrøysting:**

Framlegg frå Venstre:

1. Framlegget fekk 35 røyster. Framlegget var røysta mot av KrF (2). Framlegget vart vedteke.
2. Framlegget vart vedteke samrøystes
3. Framlegget fekk 35 røyster. Framlegget vart røysta mot av Flåten (H) og FrP (1). Framlegget vart vedteke.
4. Framlegget fekk 36 røyster. Framlegget vart røysta mot av Bøthun (KrF). Framlegget vart vedteke.
5. Framlegget fekk 31 røyster. Framlegget vart røysta mot av H (5) og FrP (1). Framlegget vart vedteke.

Framlegg frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet:

6. Framlegget fekk 34 røyster. Framlegget vart røysta mot av KrF (2) og FrP (1). Framlegget vart vedteke.

Framlegg frå Arbeidarpartiet:

7. Framlegget vart vedteke samrøystes.

8. Framlegget fekk 33 røyster. Framlegget vart røysta mot av Flåten (H), KrF (2) og FrP (1). Framlegget vart vedteke.

Framlegg frå Framstegspartiet:

9. Framlegget fekk fem røyster frå Hovland Munthe, Flåten, Wiggum og Bøyum frå Høgre og FrP (1). Framlegget vart forkasta.
10. Framlegget fekk sju røyster frå H (5), Haug (KrF) og FrP (1). Framlegget vart forkasta.

Tilrådinga frå formannskapet med delrøystingar vart vedteken samrøystes.

#### **Dette gir følgjande vedtak:**

1. Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert vedteken slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med følgjande endringar:

#### Satsingsområde «Best på oppvekst»

- Under resultatmål 3 – Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling
  - Nytt punkt: Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtildelninga i kommunen aktivt i bruk.
  - Nytt punkt: Legge til rette for kunst-, kultur- og kreative tilbod for born og ungdom
- Nytt resultatmål 7: «Tryggheit, mangfald og openheit»
  - Me skal auka kompetansen vår og gje tilsette verktøy og kompetanse til å identifisera og motverka ekstremisme og rasisme.
  - Skular, barnehagar og helsestasjon skal medverka til å normalisera ulike identitetar knytt til kjønn og seksualitet. Dei tilsette som jobbar med ungdom skal kunne tilby LHBT+ -ungdom relevant informasjon dersom dei møter på utfordringar knytt til sin identitet.

#### Satsingsområde «Skapt for aktiv livsstil»:

- Resultatmål 5, Best i lander på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet
  - Tillegg etter tekst i punkt J: «Etablere gode samarbeid med grunneigarar om, og arbeide aktivt for, tilkomst og parkering som gjer utfartsområde tilgjengelege for ålmenta»

#### Satsingsområde «Fruktbare tettstader»

- Ny setning under «Fruktbare tettstader»:
  - Kultur og frivilligheit i form av deltaking i kulturopplevingar og kulturarbeid, aktiv samfunnssdeltaking og organisasjonsarbeid er sentralt her.
- Resultatmål 1, Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel
  - Legge til rette for sosial bustadbygging, varierte bustadformer, og for bustad- og tettstadutvikling basert på lokale føresetnader. Vi skal ta i bruk heile verkemiddelapparatet.

- Resultatmål 2, Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemndene.
  - Nytt punkt: «Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle.»
- Resultatmål 4, Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk.
  - Nytt punkt: «Etablere ordningar og samarbeid som hindrar forsøpling og ureining på offentleg og privat grunn»

#### Satsingsområde «Utviklingslokomotivet Sogn»

- Resultatmål 2, Saman med Sogn, ha ein tydeleg posisjon mot regionale og nasjonale myndigheter:
    - Nytt punkt: Fremje Sognefjorden som attraksjon og unikt område i verdsklasse, og jobbe aktivt for gode vilkår for natur- og artsmangfaldet i og langs fjorden.
  - Resultatmål 3, Samferdsle- og kommunikasjonsprosjekt i regionen vert prioriterte og realiserte:
    - Endring i punkt 3 b: «Prioritere rasskring og gul midtstripe på riksvegar og utgreie bru mellom Mannheller og Fodnes for å knyte bu- og arbeidsmarknadsregionen tettare saman»
    - Endring i punkt 3 c: «Prioritere å bygge alliansar for aust-vestaksen mellom kysten og Hønefoss med tunnel under Hemsedalsfjellet»
    - Nytt punkt: «Arbeide for utbetring av Rv. 13 og realisering av Vikafjellstunnelen»
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjøre eventuelle endringar i tråd med vedteken språkbruksplan, og justere skriftfarge for endringar frå raudt til svart før planen vert gjort offentleg.